

Smittefarlig avfall skal handterast forsvarleg

Det er brei einigheit blant smittevernpersonell at meir avfall enn nødvendig er blitt kategorisert som smitteavfall. Definisjonen i lovverket ([Forskrift om smittefarleg avfall](#)) er veldig vid og har vært diskutert både nasjonalt og regionalt i lengre tid. I Helse Vest har vi blitt einige om å gjera det vi oppfattar som fornuftige og risikofrie endringar i anbefalingane av kva som skal klassifiserast som smitteavfall. Smittefarlig avfall var tema på det regionale smittevernmøtet i Helse Vest i desember 2016, og vi har i fellesskap justert ordlyden med omsyn til kva avfall som skal definerast som smittefarlig.

Regionalt kompetansesenter definerer såleis smittefarlig avfall på følgjande måte:

«Alle kroppsvæsker inneheld potensielt smitteførande agens. Likevel er det mengden smittestoff og risiko for eksponering for dette under handtering og transport (skarpe gjenstander som kan stikke ut frå emballasjen eller at det kan bli lekkasje frå posen) som avgjer om noko skal definerast som smitteavfall eller ikkje.»

Smitteavfall er som kjent inndelt i ulike fraksjonar med ulik merking.

Den viktigaste endringa som er gjort no, gjeld avfall i kategorien Smitte (vanleg smitteavfall, gul merkelapp: Smitte):

«Annet avfall som f eks aviser, håndtørkepapir, beskyttelsesutstyr (munnbind og hansker og engangs beskyttelsesfrakk) som ikke er synlig tilsølt kan kastes i restavfall»